



Notat

Dato: 22.01.2016
Arkivsak: 2014/19309-13
Saksbehandlar: ash sand

Til: Fylkesutvalet

Frå:Fylkesrådmannen

Lærlingar i ferjekontraktane - vedtak i MISA 14. januar 2016

Utval for miljø og samferdsel fatta 14. januar 2016 følgjande vedtak i sak 4/2016:

«*Utval for miljø og samferdsel ber om at det til behandling i fylkesutvalet vert greidd ut korleis og kor mange lærlingplassar det er høveleg å få inn i anbodet. Ein ber og om at dei einskilde fagområde då vert sett på slik at ein får flest fag med på ferjene».*

1. Tal lærlingplasser på dagens fylkesvegsamband

Hordalands 17 fylkesvegsamband vert drifta av fire ulike ferjeselskap. Norled driftar 11 samband og nyttar totalt 8 lærlingar per i dag (til vanleg om lag 10 stk). FosenNamsos Sjø, som har ansvar for fire samband i fylket, har 9 lærlingar på sine samband i Hordaland.

Sambanda Klokkarvik – Hjellestad og Masfjordnes – Duesund som vert drifta av henholdsvis GulenSkyss AS og Wergeland Halsvik AS nyttar ikkje lærlingar i sin drift av desse sambanda.

2. Framtidas behov for lærlingplassar

Alle lærlingar fekk lærlingplass i 2015 og det vert vurdert at dagens tal lærlingar er nokså riktig sett i høve dagens behov.

Som følgje av dei store utfordringane i oljenæringa og oljeservicebransjen, er mange offshoreskip og supplybåtar lagt i opplag. Fylkesrådmannen trur at dette vil medføre at behovet for lærlingplasser innan ferje- og snøggbåtdrift vil auke noko på vestlandet dei neste åra.

Basert på informasjon frå operatørselskapa og dei maritime opplæringskontora på vestlandet vurderar Fylkesrådmannen det som rimeleg å stille krav om minimum 2 lærlingar per ferje. Ettersom mogelegheita for å opprette fornuftige lærlingplassar avhenger av tal skift per samband og ferjas storleik, ser ein det imidlertid ikkje som hensiktsmessig å stille lærlingkrav for dei minste ferjene (ferjene som inngår i rutepakke 3 og 4). Det kan dermed leggast opp til minstekrav tilsvarande 32 lærlingplassar per år totalt i Hordaland. Fylkesrådmannen vurderar at ein kan nytte ein slik fordeling mellom rutepakke 1 og 2:

Rutepakke 1: 16 lærlingar

Rutepakke 2: 16 lærlingar

Fylkesrådmannen ser ikkje for seg at det blir stilt krav til kva ferje/samband lærlingane skal vere tilknytt innanfor rutepakken. Dette vil gje operatør moglegheit til å kunne være fleksibel i høve lærlinganes bustad og fordele plassane etter ferjas storleik, skift og framdriftsteknologi.

I tillegg legg ein opp til at fylkeskommunen i løpet av kontraktperioden vil ha rett til å pålegge operatør å etablere opp til 5 ytterlegare lærlingplassar i kvar rutepakke ved behov. Fylkeskommunen vil i så tilfelle dekke operatørs meirkostnader knytt til slike lærlingplasser.

Det vert i dag ytt om lag kr 130 000 i tilskot til ferjereiarane per lærling. Ut over dette tilskotet, estimerar Fylkesrådmannen at kvar lærling vil kunne auke operatøranes årlege kontraktspris med om lag 300 000 kr.

3. Fagområder relevant for ferjedrift

Av dagens 17 lærlingar er 11 dekkslærlingar og 6 maskinlærlingar. Korleis fordelinga av elevar innan desse faga vil vere om ti år er svært usikker. I tillegg veit ein at faget skipselektrikar er på veg inn med eit framtidig behov for lærlingplassar.

Som følgje av fylkeskommunens miljøambisjon vil val av framdriftsteknologi endre seg i høve i dag for fleire av sambanda. Det er mykje mogeleg at nye framdriftsteknologiar vil endre ved opplæringsmoglegheitane for operatør innan det einskilde fagområde, samt føre med seg opplæringmoglegheitar innan nye fagfelt.

Ettersom operatøranes kostnader knytt til dekkslærlingar og maskinlærlingar er nokså like, oppmodar Fylkesrådmannen om at fordelinga av lærlingar innan dei einskilde fagfelta vert avtalt årleg mellom fylkeskommunen/opplæringsavdelinga og vinnande operatør.